



Øistein Sandstå Jacobsen
Nyhavn 17
5042 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/1660 - 21/31409

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
07.05.2021

Løyve til utvida bruk av avkøyrsl frå kommunal veg - gbnr 1/14 Flatøy

Administrativt vedtak: Saknr: 551/21
Tiltakshavar: Solveig Helen Sundt
Ansvarleg søkjar: Øistein Sandstå Jacobsen
Søknadstype: Søknad om løyve til ny avkøyrsl etter veglova.

VEDTAK:

Alver kommune gjev løyve til å etablere ny avkøyrsl frå kommunal veg med heimel i veglova §§ 43 med tilhøyrande regelverk.

Løyvete er gjevete på følgjande vilkår:

- Avkøyrsl skal opparbeidast i samsvar med situasjonsplan datert 05.02.21.
- Avkøyrsl skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkøyrsl som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsl fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsl, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsl og at ein skal kunne sne på eigen grunn.
- På dei to første metrane skal avkøyrsla ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 2,5% (jf. forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsl fra offentlig veg» pkt.3.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkøyrsla.
- Svingradius i avkøyrsl vert sett til $R = 4$ meter.

- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging ut i og inn i frå kommunal veg.
- Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på 200 mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn i frå kommunal veggroft får fritt løp inn og ut av røret. Kommunalt grøfteareal skal oppretthaldast langs heile eigedomsgrensa.

Saka gjeldt søknad om løyve til etablering av ny avkjørsel frå kommunal veg for parkeringsplass knytte naustetomt på gbnr 1/14 datert 08.02.2021. Det er ikkje teke stode til parkeringsplass eller frådelling av naustetomt i denne saka etter plan-og bygningslova, det er berre vurdert utvida bruk av avkjørsle og etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg KV2101 etter veglova. Saka om frådelling av naustetomt og etablering av parkeringsplass skal vurderast i eget vedtak i sak 21/4236.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Advokatfirmaet Hammervoll Pind AS bistår Solveig H. Sundt i samband med søknad om frådelling av tomt for naust på Gbnr 1/14 i Alver kommunen. På vegne av Solveig H Sundt søkes det om løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg. Avkjørsla skal etablerast etter dei krav kommunen har til utforming, siktzone med meir.





Vurdering/drøfting:

Flatøyvegen er ei kommunal veg som er etablert som ei eitfeltsveg med to kjøreretningar. Fartsgrense i kommuneveg følgjer av vegtrafikklova § 6 og er for tettbygde strøk sett til 50km/t. Sikstone for avkjørsler langs veg er ihht vegnormal N 100 satt til 4 x 45 meter

Avkjørsle er ikkje vist med svingradius. Svingradius for avkjørsler frå offentleg veg er ihht til forskrift om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» pkt. 4 .3. ledd satt til minimum 4 meter.

Detaljteikning for avkjørsle



Fart	LS
30 km/t	20 m
40 km/t	30 m
50 km/t	45 m
60 km/t	70 m


Tabell D.6: Siktkrav i avkjørsler, L2

Trafikk i avkjørsel	Fartsgrense [km/t]		
	30 og 40	50, 60 og 80	90
ADT < 50	3	4	6
ADT > 50	4	6	8


Avkjørsler skal etablerast med eit svakt fall frå offentleg veg på 2,5% (1:40) før vegen kan stige. På dei tre neste metrane skal avkjørsla ha ei naturleg overgangskurve. Krav skal sikre at overvatn frå avkjørsla ikkje vert leda ut i offentleg veg.

Under særst vanskelege forhold kan avkjørsla ha eit fall på minimum 3 cm på den første meteren. Dei 3 neste metrane skal da være horisontal. Etter dette kan vegen ha ei stigning på opp mot 12,5% (1:8).

B - B Lengdeprofil



Lengdeprofil for avkjørsle



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune vil gje løyve til etablering av avkjørsle til parkeringsplass knytte naustetomt som skal delast i frå Gbnr 1/14.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solveig Helen Sundt

Trygve Nilsens
vei 36 A

1061

OSLO

Mottakarar:

Øistein Sandstå Jacobsen

Nyhavn 17

5042

BERGEN


■ RETT TIL KJØPREADKOMST
■ PARKERINGSAREAL

■ NAVSTOMT



Senterposisjon: -32529.28, 6750635.79
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 01.02.2021

0 10 20 30 40m





Prosjekt:
 Avkjøringsplan
 GBN: 1/14
 Alver kommune

Tegnforklaring:
 Parkering/avkjøring
 Grense


Dato: 05.02.21
Rev1:
Rev2:

Tegning: Avkjøringsplan
Tegningsnr.: D1
Målestokk: 1:500 på A4
Produsert av:
 Sign.: LEH

B - B Lengdeprofil



A - A Tverrprofil



Prosjekt: Avkjøringsplan GBN: 1/14 Alver kommune	Tegnforklaring: Terreng	Dato: 05.02.21 Rev1: Rev2:	Tegning: Terrengprofil Tegningsnr.: E1 Målestokk: 1:100
			Produsert av: Sign.: LEH

